



DET KONGELIGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

## Rundskriv

---

Adressater iflg. liste

Nr.  
N- 1/2008

Vår ref  
04/1568- MEK

Dato  
07.02.2008

### Nytt rundskriv om godkjent utdanning etter Kunnskapsløftet for tildeling av løyve for person- og godstransport

Etter yrkestransportforskrifta<sup>1</sup> § 8 må den som søker om løyve til transport ha stått til eksamen frå ei av departementet godkjent teoretisk opplæring for å vere fagleg kvalifisert.

Dette rundskrivet avklarar kva som er godkjent løyveutdanning for ein søkjar som har utdanning frå programområdet Transport og logistikk i vidaregåande skole etter innføring av Kunnskapsløftet.

Rundskrivet gjer vidare kjent at Kompetanseteam Vest AS er godkjent som fjernundervisningsinstitusjon for løyveutdanning. NKI Fjernundervisningen er tidlegare godkjent.

Rundskriv N-1/2007 og N-1/2005 blir oppheva og erstatta av dette rundskrivet.

Rundskrivet gjeld i tillegg til rundskriv N-4/2002. Ein søkjar som stettar krava etter rundskriv N-4/2002, vil også i framtida ha godkjent løyveutdanning.

Samferdsledepartementet ber om at rundskrivet blir fordelt både til samferdslekontora og skolesjefane i fylkeskommunane.

### Løyveutdanninga (etter Kunnskapsløftet)

Løyveutdanninga er samansett av fem delar:

1. Programfaget Bransjeteknikk frå Vg2 Transport og logistikk
2. Programfaget Transport og logistikk frå Vg2 Transport og logistikk
3. Programfaget Planlegging frå Vg1 Service og samferdsel
4. Programfaget Drift og oppfølging frå Vg1 Service og samferdsel
5. Teoridelen til førarprøven klasse C1 eller D1

---

<sup>1</sup> Forskrift 26. mars 2003 nr. 401 om yrkestransport innenlands med motorvogn og fartøy

Det vert kravd ståkarakter i alle delane for å få godkjent løyveutdanninga.

Departementet presiserer at for del 1 Bransjeteknikk vil teoretiske kompetansemål vere tilstrekkelege for å få godkjent løyveutdanninga.

Departementet presiserar vidare at for del 4 Drift og oppfølging vil følgjande kompetansemål vere tilstrekkelege for å få godkjent løyveutdanninga:

- føre og avslutte enkle rekneskap for små verksemder og påpeike avvik mellom budsjett og rekneskap
- bruke sentrale krav som regelverket stiller til økonomiske forhold i små verksemder
- utføre sentrale kontoradministrative rutinar og handtere ulike former for betalingsmiddel

### **Kryssløp frå Vg1 Teknikk og industriell produksjon**

Ein søkjar som har tatt Vg2 Transport og logistikk i kryssløp frå Vg1 Teknikk og industriell produksjon må i tillegg oppnå kompetansemål frå Vg1 Service og samferdsel. Han eller ho må oppnå alle kompetansemåla i del 3 Planlegging og dei ovannemnte kompetansemåla i del 4 Drift og oppfølging.

### **Leiing og økonomisk styring**

I staden for del 3 og 4 kan søkjaren leggje fram vitnemål med ståkarakter til eksamen frå Leiing og økonomisk styring, som er eit nasjonalt valfag etter læreplanverket for vidaregåande opplæring (Reform 94).

### **Teorikravet til førarprøven**

Del 5 Teorikravet til førarprøven gjeld førarkortklassane C1 eller D1. Om søkjaren ikkje har førarkort som inkluderer klasse C1 eller D1, må søkjaren leggje fram dokumentasjon for godkjent teoriprøve.

Ver merksam på at dette teorikravet til førarprøven berre gjeld i høve til dei utdanningsvegane som er knytte til læreplanane etter Vg2 Transport og logistikk i Kunnskapsløftet.

### **Privatistar**

Søkjaren kan gjennomføre løyveutdanninga anten som skoleelev eller som privatist.

### **Fjernundervisning**

I staden for vitnemål frå den vidaregåande skolen kan søkjaren leggje fram kompetansebevis/vitnemål frå ein av departementet godkjente fjernundervisningsinstitusjonar.

Departementet har godkjent desse fjernundervisningsinstitusjonane for del 1 til 4 i løyveutdanninga:

- NKI Fjernundervisning
- Kompetanseteam Vest AS

Evaluering skjer ved avsluttande eksamen der ein nyttar same karakterskala som i vidaregåande skole.

Kandidaten må i tillegg sende inn og få godkjent innsendingsoppgåver.

Som privatist vil ein òg kunne ta eksamen i dei einstilte faga ved godkjente fjernundervisningsinstitusjonar.

Dei godkjente fjernundervisningsinstitusjonane fastset fristar for oppmelding til dei einstilte eksamenane og kor mange innsendingsoppgåver ein må svare på.

### **Fritak frå løyveutdanninga**


Felles for fritaksordningane er at dei andre punkta i løyveutdanninga må vere gjennomførte med ståkarakter før søkjaren kan få tildelt løyve.

1. Realkompetansevurdering: Det er framleis mogleg for kandidatar å framstille seg til realkompetansevurdering, jf. reglane om fritak i rundskriv N-4/2002. I følgje forskrift til opplæringslova<sup>2</sup> § 4-37 skal ein vurdere realkompetanse i forhold til kompetansemåla i faga i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Samferdsledepartementet ønskjer mest mogleg bruk av realkompetansevurdering framfor dispensasjonssøknader.
2. Fritak frå løyveutdanninga etter rundskriv N-4/2002 for einstilte utdanningar frå høgskolar, fagskolar og vidaregåande skole gjeld framleis. Andre undervisningsinstitusjonar som ønskjer å tilby utdanning med fritak frå løyveutdanninga, kan søkje departementet.

### **Oppfylling av krav til faglege kvalifikasjonar ved bytte av selskapsform**

Etter yrkestransportforskrifta § 8 er søkjaren fagleg kvalifisert om vedkommande har løyve for den løyvetype det blir søkt om. Dette gjeld òg ved bytte frå enkeltpersonføretak til aksjeselskap eller liknande, når dagleg leiar var innehavar av enkeltpersonføretaket.

Med helsing



Arnfinn Øen e.f.



Marianne Engeset Kristing

---

<sup>2</sup> Forskrift 23. juni 2006 nr. 724 til opplæringslova

**Likelydende brev sendt til:**

Fylkeskommunene

Kompetanseteam Vest AS

Norsk Kunnskaps-Institutt AS

Utdanningsdirektoratet

Transportbedriftenes Landsforening

Norges Lastebileierforbund

Norges Taxiforbund

Vegdirektoratet